



Arkivnr: 2014/18069-49
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato
Fylkesutvalet	21.09.16

Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok 18. juni 2015 (PS 168/2015) å stille inntil fem millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane vart henta frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv. I dette vedtaket bad fylkesutvalet om at resultata av arbeidet og bruken av midlane skulle vurderast ved utgangen av 2016 før det vart tatt stilling til eventuell vidareføring.

I denne saka er det oversikt over tiltak som er finansierte med midlane frå 2015. I tillegg er det med ei beskriving av korleis situasjonen er i bransjen sommaren 2016. Vidare fremmer fylkesrådmannen eit forslag om at det vert løyvd fem millionar kroner til dette arbeidet i 2016, finansierte med omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2016.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser framleis svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og ynskjer å vidareføra ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH budsjettet for 2016, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.
2. Omstillingsutvalet med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2017 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 06.09.2016

Bakgrunn

På møtet i fylkesutvalet 18. juni 2015 vart det gjort fylgjande vedtak i PS 168/2015 «Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland»:

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. *Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet vel følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:*

*Sveinung Valle
Tom-Christer Nilsen*

Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.

2. *Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv, eller av Innovasjon Norge Hordaland.*
3. *Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.*
4. *Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett.*

Bakgrunnen for dette vedtaket var eit spørsmål frå Sveinung Valle i fylkesutvalet 16. juni 2014 om korleis fylkesrådmannen stiller seg til dei indikasjonane ein på det tidspunktet såg på at leverandørindustrien til petroleumsnæringa hadde utfordringar.

Til møtet i fylkesutvalet 24.09.2014 la fylkesrådmannen fram ei orienteringssak (RS 143/2014) om sitt syn på situasjonen og kva tiltak han ville sette i verk. Det sentrale var å gjennomføre ei kartlegging av situasjonen for å få ei betre oversikt og få fram næringsaktørane sitt syn på kva for tiltak som bør settast i verk.

HOG Energi blei engasjert til gjennomføre undersøkinga. Ei førebels tilbakemelding blei gitt ved årsskiftet og referert i samband med fylkesordføraren sitt nyttårsmøte. Den endelege rapporten blei levert frå HOG Energi i slutten av april og presentert for fylkesutvalet i møtet 19. mai ([RS 75/2015](#)). I møteboka frå dette møtet blei det tatt med følgjande:

«I samband med RS 75/15 stilte Sveinung Valle seg positiv til at "fylkesrådmannen er innstilt på å koma attende med ei eiga sak til fylkesutvalet om desse spørsmåla, etter at fylkesutvalet har vurdert innhaldet i rapporten frå HOG Energi", og bad om at det vert lagt fram sak før sommaren. Fylkesordføraren legg til grunn at det vert lagt fram politisk sak»

Denne saka er ei vurdering av behovet for vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland.

Bruken av midlane som vart sett av i 2015

Søkjar og tittel	Strategiske innsatsområde	Prosjekt kostnad	Søkt beløp	Løyvd beløp
Atheno <i>Forkurs ingeniørutdanning</i>	Kompetanseheving arbeidstakarar	800 000	400 000	400 000
Atheno <i>Frå ide til bedrift</i>	Større omleggingar i «hjørnesteinsbedrifter»	720 000	300 000	300 000
Aritech <i>Omstilling frå olje/gass til energi</i>	Kompetanseheving arbeidstakarar	1 477 000	1 477 000	370 000
Gode Sirklar <i>Bedriftssamarbeid om marknadstiltak</i>	Omstilling av bedrifter	485 000	195 000	170 000
Future Solutions <i>Opplæringsprogram omstilling gjennom samhandling</i>	Omstilling bedrifter. Kompetanseheving arbeidstakarar	567 000	298 500	298 500
Innovasjon Norge <i>Omstilling innafor petroleumsindustri</i>	Omstilling bedrifter	1 973 000	1 973 000	1 973 000
Kvinnherad næringservice <i>Introduksjon til god omstilling</i>	Kompetanseheving og omstilling/ endringsarbeid i bedrifter	360 000	160 000	160 000
Bergen Næringsråd <i>Omstilling av kompetanse-arbeidsplasser</i>	Kompetanseheving arbeidstakarar	1 250 000	350 000	350 000
Industriutvikling Vest <i>Omstillingsprosjekt bedrifter i NH</i>	Omstilling bedrifter	150 000	75 000	75 000
Atheno <i>Frå ide til bedrift 2</i>	Større omleggingar i «hjørnesteinsbedrifter»	780 000	300 000	300 000
Atheno <i>Kreativitetsverkstad</i>	Kompetanseheving arbeidstakarar, omstilling bedrifter	820 000	350 000	350 000
Sum:		9 382 000	5 878 500	4 746 500

Atheno: Forkurs ingeniørutdanning – for dei som har Teknisk fagskule etter Stordmodellen (Sunnhordland)
Forkurs i matematikk og fysikk for kandidatar til ingeniørutdanning ved campus Stord er starta opp med 16 studentar. Kurset er tilrettelagt for tilsette i industrien i Sunnhordland og områda rundt. Det blir kombinert med jobb. Undervisning blir gjennomført kvar tredje veke. Ordninga gir studentane høve til å jobba i to veker og så følgja undervisning den tredje. Det er lagt opp til åtte veker med undervisning, etterfølgd av eksamen.

Atheno: Frå idé til bedrift – eit lavterskeltilbod (Sunnhordland)

Atheno har retta seg mot dei som er blitt oppsagt. Dei har hatt/er i kontakt med 150-170 personar og mykje av midlane har gått til å sette moglegheitene på kartet. Dei opplever at det er ein sterk lønsmottakarkultur i Sunnhordland, og lite kultur for entreprenørskap. Her har dei gjort mykje for å synleggjere at å starte for seg sjølv er ein mogelegheit. Godt samarbeid med NAV, regionråd og andre for å etablere ein møtearena der 78 ingeniørar fekk innsikt i å starte eigen verksemd. Mange har fått konkret rettleiing, 2 ny-oppstarta bedrifter har kome inn i inkubatoren, fleire har starta eigen bedrift, også 2 som har bestemt seg for gardsdrift. Resultat: begynt å bygge teknologinettverk, som etterkvart potensielt kan verte ei klynge.

Aritech: Omstilling frå olje og gass til energi på Vestlandet

Bedrifta har hatt ein rekke møter og avklaringar angående hospitering av ledige olje- og gass ressursar på Stord. Dei har ikkje fått svar politisk om det er vilje til å finansiere et slikt pilot prosjekt. Dei beklagar sterkt at det ikkje finnes politisk vilje til gjennomføring av ei slik omstilling. Men prosessen har medført at dei har etablert Aritech Energi AS, blitt pre-kvalifisert hos Statnett som leverandør, og vidare gitt tilbod til Statnett på ein rammeavtale innan prosjektering. Dei har no vore gjennom tilbodsavklaringar der dei er med i finalen som ein kvalifisert leverandør.

Gode Sirklar/Verkstadklynga: Omstilling av bedrifter (Sotra)

13 bedrifter har forpliktet seg til eit samarbeid for utprøving i eitt år. Evaluering og effektmåling vil verte gjort i første halvdel av 2017 for å sjå om samarbeidsmodellen kan vidareførast. Modellen gir høve til at fleire

bedrifter kan inkluderas på eit seinare tidspunkt i prosessen. Skisse til foreløpige samarbeidsprinsipp er utarbeida og kommunikasjonsstrategi er under utarbeiding. Samarbeidet vert organisert med fellesmøter/forankringssamlingar og ein eigen styringsgruppe med mandat frå fellesmøtet.

Future Solutions: Opplæringsprogram omstilling gjennom samhandling (Stord)

Prosjektet vert snart avslutta, ein månad på etterskott. Dei har samtidig fått testa ut materialet i ein rekke kursmodular og har hatt svært god effekt av midlane. Dei har arbeida saman med seks bedrifter og gjennomført 10 kurs av ulik lengde. 126 personar har til no gått gjennom kursa. Dei har 4 nye bedrifter som skal starte opp med kurs innan utgangen av august. Midlane har medverka til at bedrifta kunne tenke nytt fort nok, og ikkje minst, til å spisse kursopplegget til eit svært høgt nivå. Dei ønskjer å vidareføre prosjektet og er i gang med ei utgreiing av dette. Sluttrapport er under utarbeiding.

Innovasjon Norge og Connect Vest: Mentorordning (heile fylket)

Det er no innvilga ni søknader om mentortjenester: Fem bedrifter har fått mentor og er i gang med samarbeid, dei andre er i prosess. Innovasjon Norge har handsama søknadene fortløpande, deretter innleiar Connect Vest til samtale med selskapet kor dei gjer ein analyse av behovet. I hovudtrekk har dei fokus på følgjande: Undersøke nye marknader, produktutvikling, ta i bruk nye digitale løysingar og utarbeide og teste ny strategi. Connect Vest opplever at bedriftene har blitt hardt ramma som følgje av nedgangen i oljeindustrien, med dramatisk reduksjon i omsetting og oppseiingar av eigne tilsette. Dei har behov for å tenke nytt og kome inn i nye marknader. Mentorane har svært høg kompetanse og erfaring frå næringslivet og bedriftene har gitt uttrykk for at dette er noko dei har veldig behov for. Fleire av mentorane er vant til å operere med betydeleg høgare timesatsar når dei arbeider med andre kundar. Samarbeidet mellom Innovasjon Norge og Connect Vest fungerer svært godt og bedriftene er fornøgd med enkelt søknadsskjema, rask søknadshandsaming og rekruttering av mentorar.

Bergen Næringsråd: Omstilling og bevaring av kompetansearbeidsplasser i Hordaland (Bergen)

Prosjektet er godt i gang og fleire av aktivitetane er gjennomført. Gjennomført møte med arbeidsledige ingeniørar saman med NAV og Nito den 1. juni. Hovudtiltaket er ein workshop med 70-90 personar den 25. september for å sjå mogelegheiter i å arbeide på tvers. Der vil omstillingsutvalet verte invitert til å kome.

Industriutvikling Vest: Omstillingsprosjekt bedrifter olje og gass i Nordhordland (Nordhordland)

Kurs med 10 deltakande bedrifter der to av dei med størst potensiale får ytterlegare oppfølging innan omstilling og utvikling. Industriutvikling Vest har utsett oppstart til etter sommarferien grunna for få påmeldte. Dei opplevde at samarbeidet med NHIL tok tid å forankre.

Status for bransjen sommaren 2016

Utfordringane i petroleumsnæringa kjem fortsatt til å ramma Hordaland hardt i åra framover. I juni i fjor var det i fylgje [DnB Markets](#) over 21.400 tilsette som hadde fått varsel om oppseiing eller nedbemanning. I juni i år har dette, i fylgje same kjelde, auka til over 36.600 tilsette (sjå vedlegg 1). Dette gir ein peikepinn på kva nedtur som er i vente for Sør- og Vestlandet, både når det gjeld arbeidsløyse, aktiviteten i næringslivet og reduserte skatteinntekter for kommunane.

Hovudårsaka til at så mange verksemdar har varsla nedbemanningar og oppseiingar er at norske- og utanlandske oljeselskap har kutta investeringsbudsjetta på grunn av høgt kostnadsnivå og låg oljepris. Fleire store utbyggingsprosjekt vart utsett og kansellert i 2015. Nokre av prosjekta er henta fram igjen i 2016 som følgje av kostnadsutt, men det er lite som tyder på at dette vil bidra til auka aktivitet på kort sikt. Dette blir stadfesta av det amerikanske analyseselskapet [Wood Mackenzie](#), som har rekna seg frem til at kutta i upstream capex (kapitalkostnader knytt til utvikling av og leiting etter nye oljefelt) i perioden 2015–2020 no utgjer 1.000 mrd. dollar, eller godt over 8.000 mrd. kroner.

Det er fortsatt usikkert kor kraftig oljenedturen vil bli for næringslivet i Hordaland. Ein indikator er auken i konkursar for fylka med mest oljerelatert verksemd. I tre av dei seks fylka som er med i omstillingsarbeidet for Sør- og Vestlandet er det markert auke i talet på konkursar frå i fjor til i år. Dei fire første månadene i 2016 auka talet på konkursar i Hordaland med 38 prosent samanlikna med i fjor, i Aust-Agder auka det med 32 prosent og i Rogaland auka det med 18 prosent. I april hadde Hordaland ei konkursauke på heile 146

prosent, opp frå 26 konkursar i april 2015 til 64 konkursar i same månad i år. For Rogaland viser statistikken ei konkursauka på 54 prosent til 37 konkursar i april 2016. På landsbasis er talet på konkursar ned så langt i år. Totalt har det vore 1584 konkursar, ein nedgang på 0,5 prosent samanlikna med i fjor. Tala tyder på at todelinga i økonomien blir tydelegare. Hordaland, Rogaland og Agder har problem, medan andre landsdelar som har ein annan næringsstruktur, opplever ein sterk økonomi og reduksjon i talet på konkursar

Det internasjonale pengefondet (IMF) påpeikar i sin rapport om Norge at oljebremsen har kjølt ned økonomien. IMF meiner også at det er risiko for smitteeffektar frå oljenedturen over i bustadmarknaden, noko som vil utløyse bratt bustadprisfall. For å dempa nedgangs-konjunkturen vert det tilrådd at det vert lagt til rette for overgang til ein mindre oljeavhengig økonomi i framtida.

I tillegg til kutt i investeringsbudsjetta på norsk sokkel er Statoil og dei andre oljeselskapa i gang med omfattande innsparingstiltak knytt til drifta. Dette slår kraftig inn for dei fleste bedriftene som leverer varer og tenester til vedlikehald og modifikasjon (V&M kontraktar). Eit godt eksempel på dette er reiarlag på Sør- og Vestlandet som eig og driftar offshore-serviceskip på alle verdshav. Tal frå meklarhuset Westshore Shipbrokers viser at det i juni 2016 var over 100 skip i Nordsjø-marknaden som låg i opplag. Dette er over dobbelt så mange skip som i august 2015. Dei fleste skipa er eigd av norske selskap. Inneverande år blir dermed vanskeleg når det gjeld drifta for desse reiarlaga, og truleg vert neste år endå vanskelegare dersom oljepris og investeringsnivå ikkje tar seg opp. Årsaka til det er at det kjem til å bli levert endå fleire nye skip i åra som kjem, noko som bidrar til auka overkapasitet og fall i ratane.

Nedgangen i oljebransjen og oljerelatert industri har i fylgje NAV gitt store regionale forskjellar i utviklinga på arbeidsmarknaden. Rogaland er fylket som har klart høgast tal på sysselsette i oljerelaterte næringar, og det er også her arbeidsløysa har auka klart mest. Samanlikna med juni i fjor har bruttoarbeidsløysa i Rogaland auka med 45 prosent. Deretter følgjer Hordaland og Møre og Romsdal (29 % begge). Desse tre fylka er i fylgje NAV hardt ramma av nedgangen i oljeinvesteringane.

Forslag til vidare oppfølging frå fylkeskommunen

Basert på sakshandsaming og arbeidet i omstillingsutvalet fylka har fylkesrådmannen gjort seg nokre erfaringar både knytt til behovet for, og bruken av dette verkemiddelet. Oversikten over søknadane viser at behovet for midlar er større enn dei midlane som stod til rådvelde i 2015. Ein indikator på dette er at det er fleire søknader som ligg på vent i påvente av ei eventuell vidareføring av arbeidet til omstillingsutvalet.

Det er mykje kompetanse innanfor olje og gassindustrien som kan brukast inn mot områder som marin sektor, helse og omsorg, smarte samfunn, rein energi, samferdsel m.m. Samstundes er det veldig vanskeleg for kvar einskild av dei relativt små teknologi- og tenesteleverandørane å etablere seg med nye produkt i ein ny marknad eller bransje. Ein treng difor prosjekt og tiltak som kan dekke behovet for heile eller ein større del av bransjen – ein bransje som har sitt tyngdepunkt i Hordaland. Det offentlege verkemiddelapparatet er i dag innretta på å jobbe med denne type utfordringar kvar for seg. Fylkesrådmannen meiner samarbeid og betre koordinering av individretta-, bedriftsretta- og regionale utviklingsmidlar vil gje meirverdi i dette arbeidet. Med den styringsstrukturen som no er etablert vil Omstillingsutvalet i Hordaland kunne få til ei slik koordinering og samordning av virkemiddelbruk på alle desse områda basert på behova i bransjen.

Auken i arbeidsløyse og nedgangen i arbeidstokken viser at situasjonen er alvorleg i mange kommunar og lokalsamfunn, og at det framleis er behov for ein samordna regional innsats for å jobba vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i olje- og gassindustrien. Gjennom samarbeid og erfaringsoverføring mellom ulike prosjekt og tiltak har styringsgruppa den beste oversikten, og dermed dei beste føresetnadane for å få dette til på ein effektiv og målretta måte. Fylkesrådmannen foreslår med dette som bakgrunn at det vert løyvd fem millionar kroner finansiert med omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2016 til vidareføring av arbeidet.